

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad		22/451

Saksnr	Utval	Type	Dato
107/22	Formannskapet	PS	22.11.2022
	Kommunestyret	PS	
012/22	Ungdomsrådet	PS	16.11.2022
010/22	Eldrerådet	PS	16.11.2022
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Kommunebudsjettet for 2023 og økonomiplan for 2023-2026

Vedlegg:

Budsjett Fedje Kommune 2023

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

Kommunedirektøren fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2023 og økonomiplan for perioden 2023-2026 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Veksten for Fedje kommune i frie inntekter er lågast i fylket med 1,7 %. Lærdal får høgast vekst med 6,5%. Fedje får kr 61 359 000,- i frie inntekter i 2023 slik som forslag til statsbudsjett ligg føre. Den låge veksten er fyrst og fremst ein konsekvens av negativ folketalsutvikling. Kommunedirektøren legg difor fram eit stramt budsjett som legg opp til ein vidareføring av tenestetilbodet på ca. same nivå som det er i dag. Kommunedirektøren foreslår endring i fleire tilbod og tenester og auke i betalingsattsar på grunn av generell prisauke, høge utgifter til straum, høgare rente og låg vekst i frie inntekter. Kommunedirektøren foreslår mellom anna å fjerne pendartilskot på grunn av at ferja no er gratis og å innføre betaling i barnehagen.

Regjeringa har foreslått fleire tiltak for å redusere prisstigning, aukande rente og dekke inn utgifter som staten har til flyktningar og krigen i Ukraina. For Fedje kommune er konsekvensen at me får mindre utbytte frå BKK og havbruksfond. Dette gjer handlingsrommet lite når vi veit at utgiftene vil auke, mellom anna til straum.

Kommunedirektøren ber kommunestyret merke seg:

- Fedje barnehage har auke i tal born og me må difor auke tal tilsette for å være innafor lovkravet til barnehage. Me ynskjer å få inn ein lærling i barnehagen frå august 2023. Me vil vidareføre lærling på sjukeheimen. Kommunedirektøren foreslår å halde barnehagen stengt i fellesferien (3 veker). Grunngevinga er at det er få born som brukar tilbodet, og det vil gjere ferieavviklinga til personalet enklare å få til. Kommunedirektøren foreslår å innføre betaling i barnehagen. Betaling er foreslått til å være lågaste sats.
- Me må sjå på organiseringa av SFO og korleis me kan utnytte ressursar i barnehage og

skule for å få eit mest mogleg tenleg tilbod i forhold til kostnader.

- Ny legeteneste vil ha høgare driftskostnader i 2023, men her er det enno noko usikkerheit. Dette er knytt til avtalar me kan få med Helse Bergen og legevaktordninga i Alver og korleis me klarar å drive tenesta mest mogleg effektivt.
- Det er auke i utgifter til sosialtenester. Dette skuldast utgifter til mellom anna dei 20 nye innbyggjarane frå Ukraina (og dei 10 som me ventar skal komme). Me har og styrka innsatsen i flyktningarbeidet med 50% midlertidig stilling som miljøarbeider.
- Det er ein lita nedgang i skulebudsjettet for 2023 sjølv om skulen har fått fleire born frå Ukraina og driv vaksenopplæring. Dette skuldast at skulen får eigne overføringar til dette arbeidet.
- Oppmålingsingeniøren gjekk av med pensjon i 2022 og Fedje kommune skal no kjøpe desse tenestene av Austrheim kommune. Deira gebyrregulativ for oppmåling/matrikkelføring er monaleg høgare enn Fedje sitt regulativ. Sjå utgreiing i eiga sak om gebyrregulativ. Alle dei andre gebyra innan plan/byggesak/delesak osv blir ikkje endra og vil ligge på 2022 nivå.

Forslag til budsjett for 2023 er oppgjort med eit netto driftsresultat på kr 756 000,- (0,86%), noko som er mindre enn det KS tilrår at kommunane skal ha. Kommunedirektøren meiner likevel dette er forsvarleg, og me kan ikkje vente betre resultat når situasjonen i Noreg er slik den er. Det er lite sannsynleg at framforhandla budsjett i stortinget vil gjere det økonomiske handlingsrommet betre for kommunane. Premieavvik og innbetalingar til KLP neste år kan også endra seg, og her ventar me på ei ny oversikt frå KLP seinare i år.

### **Vurdering**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 er sakshandsama både i utvida leiargruppe, personaleleiargruppa og med hovudtillitsvalde. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovudtillitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen. Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd, og handsama der før saka kjem til handsaming i kommunestyret.

Kommunedirektøren meiner på bakgrunn av dette at kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

Folkehelse: Godt ivareteke

Miljø: Godt ivareteke

Økonomi: Stramt men forsvarleg

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre

Eldrerådet - 010/22

**ELD - behandling:**

- Positivt at Helsetunet er omtalt i budsjettet.
- Ombygging av Hjardebanken - Eldrerådet ber om at ved ombygging at kommunale bygg, at det vert tatt særleg omsyn til universell utfortming.
- Den Kulturelle spaserstokken er eit viktig kulturtilbod for eldre.

**ELD - vedtak:**

Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke slik det ligg føre med dei endringar og kommentarar som Eldrerådet har lagt inn.  
Samrøystes vedteke.

Ungdomsrådet - 012/22

**U - behandling:**

Kommunedirektør Berit Rystad orienterte om budsjettet, kommunedirektøren sa ho ville at om det var saker ungdomsrådet ville drøfta med henne i 2023, var dei velkommen til det.  
Kommunedirektøren orienterte om den kommunale ungdomsklubben. Det er eit ynskj frå ungdomsklubben med treningsapparat/hinderløype og gapahuk i Nordsjøløypa.  
Ungdomsrådet drøfta ulike arrangement dei ynskjer arrangera i løpet av 2023. Som til dømes neonparty. Ungdomsrådet ber kommunestyret om 30 000,- kr som dei kan nytta til ulike arrangement/ og eller utstyr til ungdomsklubben i 2023.

**U - vedtak:**

Ungdomsrådet ber kommunestyret løyva 30 000,- kr som ungdomsklubben kan nytta til ulike arrangement/ og eller utstyr til ungdomsklubben i 2023.  
Kommunebudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 vert vedteke med den endringa som ungdomsrådet har lagt inn.  
Samrøystes vedteke.